



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, 29. JANUAR 2021
KL. 08.30 – 13.00 PÅ TEAMS**

Desse deltok:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Kjetil Aga Gjørseter	Bømlo kommune
Mette Heidi B. Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Jakob Bjelland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune

Observatører:

Arne-Christian Mohn	Haugesund kommune
---------------------	-------------------

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust
Anne Almås Tranøy

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune - Steinar Dalland, Tysnes kommune

Då var føre:

Sak 01/21	Godkjenning av referat frå 4. desember 2020
Sak 02/21	Geopark Sunnhordland - vegen mot UNESCO status!
Sak 03/21	Kartlegging nettkapasitet i Sunnhordland
Sak 04/21	Strategisk plan 2022-2025
Sak 05/21	Skriv og meldingar
	a) Regional transportplan
	b) Fellesmøte med Haugaland Vekst 19. mars
	c) Studietur
	d) Prosjektorientering
Sak 06/21	Ymse

Sunnhordland, 2. februar 2021

Tora Haslum Myklebust
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORLDAND, 29. JANUAR 2021
KL. 08.30 – 13.00 PÅ TEAMS**

Sak 01/21 Godkjenning av referat frå 4. desember 2020

Samrøystes vedtak.

Sak 02/21 Geopark Sunnhordland- vegen mot UNESCO status!

Med mål om å gjera nødvendige prioriteringar for vidare arbeid vart saka lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

På møte:

Dagleg leiar orienterte om status i Geopark Sunnhordland og ba rådet ta ei drøfting på vidare deltaking for kommunane, når no prosjekt Geopark Sunnhordland er i innspurten til å søke UNESCO status og skal vidare inn i ein drift-/etableringsfase.

Det vart på møtet ei drøfting om blant anna tema som organisering/selskapsform, finansiering, drift, samarbeid med andre aktørar og korleis ein UNESCO geopark status vil påverke forvaltning.

Det vart etterspurt ei kartlegging på kva som finns av aktivitetar/fyrtårn i dei ulike kommunane knytt opp mot geoparken og ein finansiell fordelingsnøkkel utifrå dette, meir info. spesifikt på kva den einskilde kommune får igjen ved å delta i tillegg til at ein ynskjer ei samanlikning med kommunar i andre geoparkar iht selskapstype m.m.

Ein vart einige om at administrasjonen den 12. februar skal kalla inn til ein to-delt møte om Geopark Sunnhordland. Målet med del ein av møte, er å fagleg førebu Samarbeidsrådet for Sunnhordland til møte del to, kor vegen vidare for Geopark Sunnhordland vært sakshandsama. Ein ynskjer i den samanheng å invitere to parkar, norsk komité for UNESCO Geopark, samt deltakarar frå Vestland fylkeskommune og Storting til del ein av møte.

Rådet bed administrasjonen invitere inn formannskapa og gruppeleiarane i kommunane til å delta som tilhøyrarar i første del av møtet.

Sak 03/21 Kartlegging nettkapasitet i Sunnhordland

Med mål om å gjera nødvendige prioriteringar for vidare arbeid vart saka lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

På møtet:

Tora orienterte om at det var retta førespurnad til Vestland fylkeskommune, om å hente ut statistikkpakke frå analysen Vestlandscenarioene 2020, for Sunnhordland eventuelt den enkelte kommune. Vestland fylkeskommune sin prosjektleiar for analysen, Lasse Kolbjørn Anke Hansen, kunne bekrefte at det lar seg gjere. Det vil koste kr 175.000,- pr kommune eventuelt kr 175.000,- for heile regionen.

Tora informerte vidare om at Vestland fylkeskommune er i gong med eit prosjekt som heiter Grøn region Vestland, som har som overordna mål å stimulere til vekst innan grøn sektor. Dette prosjektet er også leia av Lasse Kolbjørn Anke Hansen. Grøn region Vestland vil foreta seg ei kartlegging av blant anna nettkapasitet, og kom derfor med ei sterk oppmoding om å avventa å bestille statistikkpakken basert på analysen Vestlandscenarioene 2020. Samarbeidsrådet for Sunnhordland gav uttrykk for at dei ynskjer meir informasjon om prosjektet Grøn Region Vestland. Informasjon vart sendt ut saman med referat.

Vidare i møte gav Stord ordførar Jakob Bjelland utrykk for at det på dette tidspunktet ikkje er hensiktsmessig å bruke pengar på kartlegging av nettverket i regionen, då dette allereie er kartlagt av Statnett. Jakob oppfordra administrasjonen til å invitera Statnett og Haugaland kraft til neste møte i regionrådet, for å informera om deira planar.

Observatør, Haugesund ordførar Arne Christian Mohn, informerte regionrådet om at Haugalandet hadde tatt direkte kontakt med Statnett for å få kartlagt nettverket i sin region, med tanke på framtidig behov innan næringsutvikling. Analysen deira «Regional kraftsystemutgreiing for Sunnhordland og Nord-Rogaland 2020-2040» viser at det i framtida er meir enn nok kraft, men at det på kort sikt er utfordringar.

Vidare blei det i møte fremma at det skal kartleggast iht. kraft og fiber.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed administrasjonen sende over utfyllande informasjon om Grøn region Vestland. Det blei samrøystes vedtatt å pr dags dato ikkje bestille ein statistikkpakke frå Vestlandscenarioene 2020, men heller å invitere Haugaland Kraft og Statnett til fellesmøte for regionråda Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugland Vekst den 19. mars 2021, for vidare dialog rundt nett og fiberkapasitet i regionen.

Sak 04/21 Strategisk plan 2022-2025

I løpet av 2021 skal Strategisk plan 2022-2025 reviderast. Arbeidsutvalet ser det som tenleg å starte prosessen tidleg i 2021, og legg fram forslag til at ei arbeidsgruppa vert etablert i møte 29. januar. Administrasjonen bed Samarbeidsrådet for Sunnhordland velje representantar til å delta i denne arbeidsgruppa.

Vedtak:

Følgjande representantar vart vald til arbeidsgruppa for revidering av strategisk plan 2022-2025:

Kåre Martin Kleppe, ordførar Tysnes kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekheim, ordførar Etne kommune
Ragnhild Bjerkvik, kommunaldirektør Kvinnherad kommune

Sak 05/21 Skriv og meldingar

- a) Regional transportplan

- b) Fellesmøte med Haugaland Vekst 19. mars
- c) Studietur
- d) Prosjektorientering

På møte:

- a) Det blei gitt innspel på overordna regionale tema til Kåre Martin Kleppe, på kva dei ulike kommune ville han skulle fremma i møte med Vestland fylkeskommune.

- b) Fellesmøte med Haugaland Vekst 19. mars
I tillegg til allereie avtalt møte med HVL og Helse Fonna, blei det fremma til saklista:
 - Nettverk og fiberkapasitet
 - E39
 - Felles studietur

- c) Studietur
Styreleiar Morten Storebø sender over forslag til studietur, basert på tettstadsutvikling og utvikling av parkar/fellesområde.

- d) Prosjektorientering
 - Bu i Sunnhordland. Arrangementet Sunnhordlandstreffet den 7. januar har fått god respons, og ført til to nytilsetjingar, der ein flyttar frå Trondheim. Prosjektet Bu i Sunnhordland vil fortsetje å bruke digitale plattformer i større grad framover, men håpa på å kunne avvikla eit fysisk Sunnhordlandstreff i juni 2021.
 - Visit Sunnhordland
 - Tiltakspakke frå Vestland fylkeskommune.
 - Ny nettside
 - Strategisk plan